



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dei vidaregåande skolane
Lærarorganisasjonane
Opplæringskontora
LO
NHO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		43945/2017/	Geir Løkhaug, 71 28 03 68	12.07.2017

Skolebruksplanen 2018-2021, høringsbrev

Fylkesutdanningssjefen sender med dette forslag til skolebruksplan 2018-2021 på høring. Skolebruksplanen er vedlagt høringsbrevet.

I arbeidet med forslaget til skolebruksplanen er det gjennomført møter med alle skolane. Møta er gjennomførte regionvis. Tema for møta har vore utviklinga av elevtal, søkjartal, skolebruksplanen 2017-2020 og læreplass-situasjon sett frå skolane si side. Målet for møta har og vore å samordne skolebruksplanen slik at det samla tilbodet blir meir føreseieleg og robust og slik unngår at det er for mange tilbod som ikkje kjem i gang. Hovudvekta i vurderingane er lagt på om tilboda skal vere søkbare eller ikkje, men kapasiteten er og vurdert og lagt inn i forslaget til kvar enkelt skole. Kapasiteten vil ein kunne justere i samråd med skolane når søkjartala ligg føre våren 18.

Skolane har i etterkant av møta lagt fram sine ønsker for skolebruksplanen for 2018-2021 med vekt på skoleåret 18/19. Innspela har vore med i vurderingane ved utarbeidinga av høringsbrevet.

Høringssvar sendes:
Utdanningsavdelinga
Postboks 2500
6404 Molde

Eller

utdanning@mr fylke.no

Merk svara: «avsender, hørings svar, skolebruksplan 2018-2021»

Frist for høringssvar er sett til 08.09.2017

Grunnlag

Høringa er basert skolebruksplanen for 2017- 2020 og på data frå prøveinntaket til skoleåret 2017/2018.

Det er eit mål at kapasiteten i skolebruksplanen vert sett slik at krava vedtatt i sak Ud-5/14 vert stetta. Saka omhandla kapasitetsutnytting, om nye tilbod og ressursar til særskilte tilbod:

1. Minimum inntakskapasitet vert sett til 65 % av vedteke klassekapasitet i skolebruksplanen.

2. For halvklassar innafor yrkesfag som rekrutterer til lærefag vert minimum kapasitet sett til 6 elevplassar.
3. For TAF-tilboda vert minimum kapasitet ved inntaket sett til 10 elevplassar.
4. Nye tilbod skal i vere søkbare i tre påfølgjande skoleår. Dersom det ved tredje forsøk ikkje lukkast å etablere tilbodet vert det teken ut av tilbodsstrukturen.

Ved utarbeidinga av skolebruksplanen er «Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring» brukt. Vi viser til § 3 i den lokale forskrifta om inntaket i Møre og Romsdal: «Fylkesutdanningssjefen gir tilbod til alle søkjarar med ungdomsrett. Fylkesutdanningssjefen gir så langt råd tilbod til søkjarar med fullføringsrett».

Endring i Opplæringslova gjeldande frå 1.8.17 gir ungdommar ein rett til opplæring ut året dei fyller 24 år. Det gjeld og søkarar frå eit anna land som ikkje får godkjent utdanninga si som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Norge.

Det er ikkje tatt omsyn til dette når kapasiteten er sett. Det vil ein gjere når ein ser søkinga våren 18.

I sak Ud-12/17 og Ud-20/17 vedtok Utdanningsutvalet at desse tilboda ikkje vert sett i gang skoleåret 2017/2018:

Gjermundnes vgs:

Vg2 anleggsgartner og idrettsanlegg

Herøy vgs:

Vg1 bygg og anleggsteknikk

Vg2 industrideknologi

Herøy vgs, avd. Vanylven:

Vg2 industrideknologi

Kristiansund vgs:

Vg1 service og samferdsel, YSK 4-årig

Rauma vgs:

Vg1 teknikk og industriell produksjon

Romsdal vgs:

Vg1 elektrofag, studiekompetanse 3-årig

Vg1 teknikk og industriell produksjon, studiekompetanse 3-årig

Stranda vgs:

Vg2 helsearbeiderfag

Vg2 industrideknologi

Sykkylven vgs:

Vg1 design og handverk

Vg2 elenergi

Tingvoll vgs:

Vg1 bygg og anleggsteknikk

Vg2 helsearbeidarfag

Vg2 barne og ungdomsarbeidarfag

Vg3 påbygging til generell studiekompetanse

Ulstein vgs:

Vg1 teknikk og industriell produksjon - YSK

Volda vgs:

Vg1 kunst, design og arkitektur

Etter vedtaket i sak Ud-15/16 er det sett i gang eit prøveprosjekt over 2 år ved Sunndal vgs i samarbeid med Sunndal kommune for å gje eit tilbod til vaksne minoritetsspråklege elevar. I forslaget ligg tilboda (Vg1 bygg og anleggsteknikk, Vg2 byggteknikk, Vg2 helsearbeidarfag) som ordinære tilbod ved skolen. Fylkesutdanningssjefen kjem tilbake med ei sak etter evalueringa av prosjektet våren 18.

Saka om «Struktur i vidaregåande opplæring» (T-87716) vart vedteken med desse endringane av forslaget til rådmannen:

- Studiespesialisering ved Ålesund vgs beholdes
- Design og handverk ved Sykkylven vgs beholdes
- Restaurant og Matfag ved Stranda vgs beholdes

- Teknikk og industriell produksjon ved Rauma vgs beholdes
- Restaurant og Matfag ved Fræna vgs beholdes, under forutsetning av at tilfredsstillende undervisningslokaler fortsatt kan leies til akseptable vilkår
- Bygg og anleggsteknikk ved Sunndal vgs beholdes
- Elektrofag ved Surnadal vgs beholdes

Tilbudet Vg1 design og handverk ved Sykkylven vgs er lite søkt dei siste åra. Tilbudet er lagt i skolebruksplanen med elevplassar, men ikkje med klasseressurs. Det er ikkje sett opp tilbud som småskala.

Ysk-tilbudet

Det er ikkje foreslått endringar i dei tekniske tilboda eller kapasitet i desse tilboda.

Etter dei regionvise møta har det komme innspel frå både Romsdal vgs og Fræna vgs om plasseringa av YSK- tilboda i Romsdalsregionen. I forslaget til skolebruksplan er YSK-tilbudet i Romsdalsregionen plassert på Fræna vgs. Ein eventuell annan plassering er ikkje vurdert og må eventuelt bli gjort politisk.

For YSK-tilboda på Service og samferdsel er det foreslått å ikkje sette gang i Vg1-tilbod frå skoleåret 18/19. Det er sett kapasitet slik at elevane som har starta, får fullføre. Fylkesutdanningssjefen ønskjer å sjå korleis ny struktur for dette programområdet kjem til å bli, før ein utformer eit eventuelt tilbud.

Halve klassar og marginale tilbod

Å oppretthalde halve klassar, klassar med svak oppfylling og små grupper er kostnadskrevjande. Med ei framtid som truleg gir fylkeskommunen og sektoren økonomiske utfordringar er det viktig at strukturen er robust og føreseieleg og at ein ikkje har tilbod som ein er usikker på om vil kome i gong. Fleire av justeringane av kapasiteten er gjort mellom anna med bakgrunn i dette.

Læreplassar og kapasitet

Det er ei utfordring at det er for få elevar frå Vg2-yrkesfaglege kurs som teiknar lærekontrakt. Skal ein oppretthalde omfanget på yrkesfaglege elevplassar i framlegget til skolebruksplanen, føreset det at skolane har ein aktiv rolle i formidling av elevar til læreplass i bedrift. Dei nye regionale formidlingskontaktane vil og vere sentrale i dette arbeidet.

I arbeidet med planen er Seksjon for Opplæring i bedrift vore med i å sette kapasiteten på fleire tilbod med bakgrunn i læreplass-situasjonen.

Det er framleis slik at vi har fleire elevplassar på Vg2 yrkesfag enn tilgangen på læreplassar. Mange av dei kapasitetsjusteringane som er foreslått, skal gjere dette gapet mindre.

Fylkesutdanningssjefen må hausten 18 i tillegg vurdere å sette i gang fleire tilbod med alternativ opplæring i VG3. Dette gjeld helse- og oppvekstfag, tømrrafag, elektrofag og i ein del industrifag.

Nye tilbod

Nye tilbod skal kvalitetssikrast av fylkesutdanningssjefen slik at dei er i samsvar med godkjende læreplaner og gjeldande dokumentasjonsordningar. Difor må søknadar om nye tilbod ligge føre i god tid før skolebruksplanprosessen tek til. Nye tilbod skal i utgangspunktet vere søkbare i tre påfølgjande skoleår. Dersom det ved tredje forsøk ikkje lukkast å etablere tilbudet vert det teken ut av tilbodsstrukturen.

Rauma vgs og Romsdal vgs søkte om å få Studiespesialisert med friluftslivsfag som eit søkbart tilbod ved skolen frå skoleåret 17/18. Fylkesutdanningssjefen sa nei til dette til ei evaluering av eit liknande tilbod ligg føre. Romsdal vgs søkte og om å få starte forsøk med eit tilbod om studieførebuande reiselivsfag. Fylkesutdanningssjefen støtta ikkje søknaden om forsøk.

Det er i tillegg fleire skolar som har signalisert at det kan kome søknadar om nye tilbod. Td. er det i gang eit arbeid ved Ulstein vgs om eit teknologitilbod. Fylkesutdanningssjefen er positiv til tiltaket som han meiner kan vere med å vidareutvikle skoletilbudet vårt.

Kristiansund vgs vurderer ein søknad om blått naturbruk. Borgund vgs vurderer å søke om eit 3-årig tilbod innan elektrofag som kan gje spesiell studiekompetanse.

Ny yrkesfagleg struktur

Den nye strukturen er planlagt sett i verk frå skoleåret 2020/21. Med unntak av Vg1 YSK-tilboda på Service og samferdsel er det ikkje gjort endringa som følgje av desse forslaga. Dette vil ein kome tilbake til i seinare skolebruksplaner.

Årgangstal i perioden

Tala er henta frå «Grunnskolens Informasjons System» (GSI) der kommunane og private skolar skal legge inn faktiske tal på trinna 1-10. For planperioden legg ein desse tala til grunn. Tala viser at elevtalet i fylket samla sett vil gå noko ned i planperioden med det svakaste året i 18/19. Ved berekninga av tala for skolane er det og gjort eit overslag over kor mange av elevane i inntaksområdet som faktisk søker skolen. Det er sjølvsagt knytt noko uvisse til desse tala.

Elevtalsutvikling for Nordmøre

	Skole						
År	Atlanten vgs	Kristiansund vgs	Sunnadal vgs	Surnadal vgs	Tingvoll vgs	Totalsum	
2017	162	286	86	123	36	693	
2018	155	271	81	81	44	632	
2019	160	281	104	99	34	678	
2020	154	271	71	96	46	638	
2021	157	266	93	82	38	636	
2022	149	261	74	103	29	616	
2023	162	283	73	85	36	639	
2024	156	268	68	89	39	620	

Atlanten vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført. Kapasiteten på Vg3 musikk er auka frå ein halv til 1 klasse gjennom heile perioden.

Kristiansund vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført. Kapasiteten på Vg1 Design og handverk er justert ned til 1 klasse. Kapasiteten på VG1 Kunst, design og arkitektur og Vg1 Medier og kommunikasjon er redusert slik at det til saman blir ein klasse. I forslaget til skolebruksplan er Vg2 Brønnteknikk er lagt inn. Tilgangen på lære plassar gjer at vi foreslår å starte opp tilboda annakvart år. Kapasiteten på Vg2 Industrieteknologi er justert tilsvarende. Kapasiteten på Vg2 Medier og kommunikasjon og Vg2 Kokk og servitør er justert etter inntaket 17/18. Forsøket med vekslingsmodell på Helse og oppvekstfag er avslutta og tatt ut av planen. YSK-tilbodet på Service og samferdsel er tatt ut av planen frå Vg1 skoleåret 18/19.

Sunnadal vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført med unntak av at Vg2 Industrieteknologi tatt ut frå skoleåret 19/20.

Det er foreslått kapasitetsendringar på Vg1 Teknisk og industriell produksjon. Det same gjeld kapasiteten på Vg2 helsearbeidarfag og Vg2 barnarbeidarfag som er sett til ein halv klasse på kvar. Justeringane er gjort på bakgrunn av søkinga 17/18 og forventa elevtal framover.

Surnadal vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført. Årgangstala for skoleåret 18/19 viser ein kraftig nedgang, men i forslaget til skolebruksplan er det ikkje gjort endringar i tilboda frå skoleåret 17/18 utover enkelte justeringar i kapasitet. Det gjeld kapasiteten på Vg1 Teknisk og industriell produksjon som er sett til 1 klasse og Vg2 Byggtknikk som er sett til 1 klasse. Søkinga avgjer kva tilboda som kjem i gang.

Tingvoll vgs

Det er gjort endringa i skolebruksplanen frå 17/18 til skoleåret 18/19.

Tingvoll vgs har i tidligare skolebruksplaner hatt fleire småskaltilbod. Etter vedtaket saka om «Struktur i vidaregåande opplæring» (T-87716) skal ein i skolebruksplanen ikkje tilby småskaltilbod.

I forslaget til skolebruksplan er Vg1 Medier og kommunikasjon tatt ut. Bakgrunnen er søkinga til tilbodet og at desse elevane kan styrke søkinga til andre tilbod ved skolen.

Skolen ønsker som å behalde både Elektrofag og Bygg- og anleggsteknikk med ei prioriteringa av Elektrofag før Byggfag. Fylkesutdanningssjefen foreslår likevel at skolen skal ha eit tilbod om VG1 Bygg- og anleggsteknikk i staden for Vg1 Elektro som er teken ut av planen. Vg2 Elenergi er fasa ut av planen frå 19/20. Bakgrunnen er tilgang på læreplassar innan elektrofaget og at elevane som søker Elektro og kan vere aktuelle for dei studieførebuande tilboda skolen har.

Vg2 helsearbeidarfag er tatt inn i planen frå 18/19.

Det er ikkje lagt inn eit tilbod om Påbygg ved skolen. Dette er gjort med bakgrunn i planlagt elevtal på Vg2 Yrkesfag.

Elevtalsutvikling Romsdal

	Skole					
År	Fræna vgs	Gjermundnes vgs	Molde Vgs	Rauma vgs	Romsdal vgs	Totalsum
2017	128	52	293	59	305	837
2018	135	50	259	67	274	785
2019	131	50	276	71	281	809
2020	130	54	296	68	302	850
2021	140	51	275	64	279	809
2022	133	52	260	63	268	776
2023	138	48	261	55	268	770
2024	134	54	271	65	280	804

Fannefjord vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.

Tilboda er lagt inn med elevkapasitet, men ikkje med klassar.

Fræna vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.

Det er gjort ei kapasitetsjustering på Vg1 Teknikk og industriell produksjon der kapasiteten er redusert frå 3 til 2 klassar.

YSK-tilbodet er lagt til Fræna vgs i heile skolebruksplan-perioden med unntak av at dei elevane som har starta på Romsdal vgs, får fullføre der. Det er lagt eit samla klassetal på YSK-tilbodet til 0,5 klasse.

Gjermundnes vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.

Vg2 Anleggsgartner- og idrettsanlegg vart ikkje starta opp skoleåret 17/18 , men ligg som søkbart i heile planperioden.

Molde vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.

Rauma vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.

Kapasiteten på Vg1 Teknikk og industriell produksjon er sett til ein halv klasse. Kapasiteten på Vg2 Elenergi og Vg2 helsearbeidarfag er sett til ein halv klasse.

Romsdal vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.

Kapasiteten på Vg1 Helse og oppvekstfag er redusert frå 4 til 3 klassar. Vg2 Aktivitør er lagt inn i planen frå skoleåret 18/19. Kapasiteten på Vg2 Frisør og Vg2 Elenergi er sett til 1 klasse på kvart tilbod, søkinga avgjer om kapasiteten kan aukast.

YSK-tilbodet er tatt ut og lagt til Fræna vgs i heile perioden, elevar som har starta på YSk-tilbodet ved Romsdal får fullføre ved skolen.

Elevtalsutvikling Nordre Sunnmøre

År	Borgund vgs	Fagerlia vgs	Haram vgs	Spjelkavik vgs	Stranda vgs	Sykkylven vgs	Ålesund vgs	Totalsum
2017	343	265	96	167	67	102	256	1296
2018	326	257	94	160	62	85	247	1231
2019	322	244	97	156	58	91	242	1210
2020	353	269	102	171	54	91	257	1297
2021	337	259	87	165	50	73	259	1230
2022	337	257	107	165	58	99	252	1275
2023	347	265	91	166	62	85	267	1283
2024	349	264	89	166	48	88	247	1251

Borgund vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.

Kapasiteten på Vg1 Helse- og oppvekst er sett til 5 klassar.

Kapasiteten på Vg2 Anleggsteknikk satt til 2 klasser og 30 elevar. Vg3 Maritim elektrisk er tatt inn i planen med 1 klasse.

Fagerlia vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.

Kapasiteten på Vg2 og 3 Studiespesialisering er justert etter inntaket 17/18 for åra 2018/19 og 2019/20.

Haram vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.

Det er gjort enkelte mindre kapasitetsjusteringar etter prøveinntaket 17/18.

Spjelkavik vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.

Kapasiteten på Vg1 Studiespesialisering er auka til 5 klassar frå skoleåret 19/20.

Idrettsfag er lagt til skolen frå skoleåret 20/21.

Stranda vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.

Det er gjort enkelte mindre kapasitetsjusteringar etter prøveinntaket 17/18. Kapasiteten på Vg2 og -3 Idrettsfag for dei neste 2 år auka med 1 klasse etter inntaket til skoleåret 17/18. Kapasiteten på både Vg2 Kokk- og servitør er sett til ein halv klasse.

Sykkylven vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført med unntak av at Vg2 Elenergi er tatt ut.

På Vg1 Design og handverk er det ikkje lagt inn klasseressurs, men eit elevtal som gjer tilbodet søkbart. Kapasiteten på Vg2 Industriteknologi kan aukast om søkinga tilseier det. Kapasiteten på Vg3 Automatisering er sett til ein halv klasse.

Ålesund vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.

Kapasiteten på Vg2 IKT- servicefag er sett til ein halv klasse. Kapasiteten på Vg2 og Vg3

Studiespesialisering ,entreprenør og bedriftsutvikling er dei neste 2 år justert etter prøveinntaket til skoleåret 17/18.

Flyttinga av Idrettsfag, Teknikk og industriell produksjon med maritime fag og naturbruk er utsett til skoleåret 20/21.

YSK-tilbodet på Service og samferdsel er tatt ut av planen frå Vg1 skoleåret 18/19.

Elevtalsutvikling Søre Sunnmøre

	Skole					
År	Herøy vgs	Avd. Vanylven	Ulstein vgs	Volda vgs	Ørsta vgs	Totalsum
2017	115	37	142	144	152	590
2018	115	27	153	132	144	571
2019	126	33	152	137	143	591
2020	127	33	162	137	142	601
2021	119	25	160	134	141	579
2022	107	19	134	129	135	524
2023	120	21	145	142	153	581
2024	113	33	141	149	153	589

Herøy vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.

Kapasiteten på Vg1 Bygg og anlegg er sett til ein halv klasse. Vg2 Byggteknikk er ikkje med i planen for skoleåret 18/19 fordi tilbodet ikkje vart i gangsett i 17/18 og justert til ein halv klasse i resten av perioden med bakgrunn i søkinga. Kapasiteten på Naturbruk er sett til ein halv klasse i heile perioden.

Ulstein vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.

YSK-tilbodet ved skolen er vidareført i heile perioden. Kapasiteten på YSK-tilbodet på Vg2-Vg3 og Vg4 er justert i perioden fordi tilbodet ikkje kom i gang i skoleåret 17/18. Kapasiteten på YSK-tilbodet er sett til 12 elevar.

Herøy vgs, avd. Vanylven

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.

I skolebruksplanen er det lagt inn 3 tilbod på Vg1 med til saman 2 klassar fordelt på ein halv klasse helse- og oppvekst, ein halv klasse på Studiespesialisering og 1 klasse på Teknikk og industriell produksjon.

På Vg2 helsearbeidarfag er det lagt inn ein halv klasse.

Tala på 16-åringar for inntaksområde Vanylven er sterkt fallande utover i perioden. Våren 2018 går det ut 31 elevar frå grunnskolen i kommunen og med erfaring frå tidligare år er det berekna eit søkartal på 27.

I dialog med skolen ser Fylkesutdanningssjefen at det vil by på store utfordringar å kunne gje ei forsvarleg undervisning ved avdelinga, fordi det vil verte vanskeleg å skaffe lærarar med brei og god nok kompetanse som vert kravd i vidaregåande skule.

Når ein ser tala frå søkinga 1.3.18 vil situasjonen for avd. Vanylven bli tydeligare og fylkesutdanningssjefen må då ta ei ny vurdering av heile tilbodet ved avdelinga.

Volda vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.
Kapasiteten på Vg1 Kunst, design og arkitektur er sett til ein halv klasse i heile perioden.
Heile programområdet Service og samferdsel er no flytta til Ulstein vgs.

Ørsta vgs

For skoleåret 18/19 er skolebruksplanen for 17/18 vidareført.
Kapasiteten for vg1 Byggteknikk er sett til ein klasse i heile perioden.
Det er vurdert om Vg2 Arbeidsmaskiner ikkje skal vere eit tilbod ved skolen med bakgrunn i læreplass-situasjonen, men er likevel lagt inn. Det har dei siste åra vore avlagt 3 fagprøver i landbruksmekanikarfaget.
Læreplass-situasjonen gjer at kapasiteten på Vg1 TIP er halden på 2 klassar.

Med helsing

Erik Brekken
fylkesutdanningssjef

Geir Løkhaug
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur